

FRÅSEGN FRÅ ÅRSMØTET I STUDENTMÅLLAGET I OSLO – MERKNAD TIL FRAMLEGGET TIL NY RETTSKRIVING

Hovudpunktet i mandatet til rettskrivingsnemnda er "å laga ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer." Det seier seg sjølv at ei slik norm, den norma som me tolkar at mandatet målber, åleine ikkje kan løysa den vanskelege stoda nynorsken er i, men det er von at ei slik norm kan gjera det lettare å skriva nynorsk og gjera nynorskbrukarane tryggare, og soleis bøta på noko av nynorskfråfallet. Årsmøtet kan derimot ikkje sjå at framlegget frå rettskrivingsnemnda til ny rettskriving fylgjer hovudpunktet i mandatet. Framlegget bryt på avgjerande punkt med mandatet.

Mindre oversynleg enn før. Når ordninga med hovud- og sideformer no fell ut, vert alle desse formene i røynda hovudformer. Dette opnar for ei mykje større bruksutbreiing av formene enn før, ettersom dei kan nyttast i lærebøker og tilfang frå kommune og stat, stader der nynorskbrukarane oftast møter nynorsken; sameleis er det grunn til å tru at bruken her kjem til å verka styrande på gjengs nynorsk. Då hjelper det lite at det samla talet på former (hovud- og sideformer) går ned, når talet på "hovudformer" går opp. Den nynorsken som nynorskbrukarane då oftast møter, vert då mindre "tydeleg, enkel og stram" enn før.

Einsformig normeringsmetode. Normeringsgrunnlaget for rettskrivingsnemnda er eit tekstkorpus, der den nye rettskrivinga og utveljinga av former langt på veg vert avgjord på statistisk grunnlag, og der det i liten grad er teke omsyn til den indre samanhengen i nynorsken. Nynorsken endar opp som eit provisorium som utan vidare kan endrast, utan immunforsvar.

Bruken er problemet. Me gjer dessutan merksam på at det er bruken av norma som har gjort ei ny rettskriving naudsynt, og ikkje korleis norma ter seg i ordbøker og ordlister. Nynorskbrukarane lærer i hovudsak – som andre språkbrukarar – rettskriving etter skriftlege førelegg – det er korleis andre skriv – og ikkje etter ordbøker og ordlister. Til jamføring kan me nemna at den *formelt* store valfridomen i bokmål aldri var eit problem i denne samanhengen, ettersom skriftradisjonen var rimeleg fast og stabil – t.d. i lærebøker, i det offentlege og særleg i aviser.

Rettskrivingsnemnda derimot, ser på dei lite frekvente formene som problemet, og stryk desse, samstundes som dei aukar talet på skrivemåtar i dei frekvente orda. Det samla talet på former går ned, talet på former i bruk skal opp. Dette kan ikkje enda i anna enn i ein tragedie for nynorsk bruksmål. Blind statistikk kan ikkje vera løysinga.

Vilkårleg grunngjeving og typologisk valfridom. Nemnda opnar for at ord med endinga *-nad* skal ha valfritt fleirtal på *-er* eller *-ar* – t.d. ein *bunad*, mange *bunader* eller *bunadar* (i tale oftast ein /buna/, mange /bunar/) – endå fleirtal på *-ar* er sterkt underrepresentert i tekstkorpuset (jf. Innstilling frå rettskrivingsnemnda 01.02.2011: s. 89). At nemnda på same staden grunngjev denne underrepresentasjonen som eit mogeleg "normpress", er å snu makttilhøvet på hovudet. Nemnda stryk *í*-målet, endå *í*-målet har lang tradisjon, er utbreitt i talemålet og ligg føre i 1 av 10 tilfelle i tekstkorpuset (ibid.: s. 93.); ei form som kanskje mest av alle har lide under eit "normpress". Me kan ikkje forstå kvifor nemnda ynskjer å skjera so mykje ned på typologisk valfridom, ettersom denne valfridomen er oversynleg, anten det er *í*-målet eller kløyvd infinitiv.